

Onsdag 31. mars blir det låvedans på Dønhaug og det er allereie seld rundt 300 billetter opplyser Magne Huglen til Uskedalen.no
Gunslingers, pop-country-bandet med røter i Norheimsund som har vorte så populært i det siste og dreg fulle hus, vil stå på scena i låven og det er grunn til å venta ein stor kveld.

Bandet starta i begynnelsen av 2008 med det første albumet sitt, som dei kalla "Norwegian Honky Tonk" og ijuli i fjor slapp dei album nummer 2 – "Ein skål te". Tekstane er sjølvskrivne, humoristiske, og vert framført på ekte hardangerdialekt, som ligg vokalist Frode Måkestad nærast.
Men bandet treff eit stort publikum med sitt store spekter, heiter det i omtalane.

Men også påskeafta skjer det noko på Dønhaug. Då kjem Robert Smith-Hald til kjedlaren og han kjenner vi godt frå før. Robert, som kjem frå Pennsylvania og Bergen, fekk strålende kritikkar for debutalbumet "Innocence Said" og sidan har han befestet sin posisjon. Robert har hatt eit spesielt liv, ettersom han voks opp i ei streng sekt og tekstane er i stor grad sjølvbiografiske. Brotet med sekta og hans seinare opplevingar går som ein raud tråd gjennom repertoaret.
Robert har vorte samanlikna både med Dylan og Springsteen og han er ein populær gjest på Dønhaug.

Ellers har ikkje Huglen førebels plotta inn så mange konsertar og dansar dette året.

- Eg lyt tenka økonomi, seier han.

Men fredag 14.mai blir det eit desidert høgdepunkt, for då kjem Vassendgutane att! Kanskje er dette landets mest populære band for tida. Dei turnerar over heile Noreg med smekkkfulle hus og det plar vera fullt også her i Uskedalen.

Melodiøs musikk, gode tekstar og eit makeløst lysshow er gode argument for å sprengje låven denne kvelden!

Den siste konserten som er planlagt så langt er countrykveld i kjedlaren fredag 11. juni. Då kjem Hugo Risan, eit nytt bekjentskap på Dønhaug.

Av Ola Matti Mathisen



Robert Smith-Hald kjem att til Dønhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)